# INNKALLING TIL MØTE I FORSKNINGS- OG FORMIDLINGSUTVALGET

## MÅNDAG 09.02.2015 kl 13.15 – 15.00

**Stad:** Rom 435, HF-bygget

**Innkalt:** Tor Trolie (leiar), Helge Sandøy, Erik Bjerck Hagen, Jill Walker Rettberg, Victoria Rosen Kjersti Aarstein og Marte Nordanger.

**Skrivar:** Anne Berit Apold

**Saker:**

**I Godkjenning av innkalling**

**II Framlegging av referat frå møtet 18.11.2014**

**III Orienteringssaker**

**1. Innføring av «startsamtale» med nye ph.d-kandidatar og rettleiarar – orienteringssak**

**2. Forskingsmelding 2014**

**3. Forskarutdanningsmelding 2014**

**4. Forskargruppene og samlingane sine årsrapportar 2014**

**5. Rapport frå «Arbeidsgruppe for revisjon av forskarutdanninga»**

**6. Underkjenning og artikkelserie i «På Høyden»**

**7. Høyring - Opplæring av rettleiarar innan forskarutdanninga ved HF**

**8. Ymse**

9.2.2014 ABA

# SAK 1 Innføring av «startsamtale» med nye ph.d-kandidatar og rettleiarar – orienteringssak

LLE innfører frå 2015 eit møte mellom instituttet (v/ forskingsleiar og ph.d.-koordinator) og nye ph.d.-kandidatar og rettleiar(ane) deira. Tema for dette møtet vil mellom anna vera; rettleiingsavtale (oppmoda om å involvera siderettleiar), informasjon om pliktarbeid der dette er aktuelt, forskarutdanningsløpet (særleg aktuelt dersom det er lenge til fakultetet sin «startdag for nye ph.d.-kandidatar»), informasjon om instituttet (råd, utval, informasjonsflyt), rettar og plikter knytt til rolla som stipendiat og rettleiar.

# SAK 2 Forskingsmelding 2014

LLE har frist til 1. mars med å sende forskingsmelding til fakultetet.
Forskingsmeldinga skal formelt godkjennast av IR, men FFU har fått i oppgåve å leggje fram eit forslag til IR. Det er forventa at meldinga er på 1-2 sider og tek opp 7 spørsmål/tema som fakultetet har bedt oss svare på.

Forslag til forskingsmeldingsmelding for LLE for 2014:

## Forskning LLE – rapport for 2014

Vedtatt av instituttrådet

- *Oppfølging av prioriteringer omtalt i forskingsmeldingen for 2013 og planer og prioriteringer for 2015*: Prosjektet «Fra håndskriftsfragmenter til bokhistorie» (finansiert av UiB og Bergen forskningstiftelse), som startet opp i 2013, med Åslaug Ommundsen som prosjektleder, fortsetter sin virksomhet også i 2015. Senter for humanistiske rettsstudier (CHLS) som ble etablert januar 2013, har ikke finansiering for videre drift i 2015. Senterets leder Arild Linneberg arbeider for å få senteret etablert som Senter for fremragende forskning (SFF) i den kommende utlysningen.

- *Prioritert forskningssamarbeid med andre forskningsinstitusjoner samt samfunns- og næringsliv – lokalt, nasjonalt og intensjonalt*: Gjennom prosjektet «Ludvig Holbergs skrifter» samarbeider LLE med Det Danske Sprog og Litteraturselskap og Københavns Universitet om en full digitalisering av hele Holbergs forfatterskap. Det NFR-støttede prosjektet «Contextual Aspects of Text Organization» er et samarbeid mellom LLE og Universitetet i Stavanger. Innenfor norrøn filologi er det etablert et

mangeårig samarbeid mellom LLE og Universitetet i Oslo om «Medieval Norwegian Text Archive» (Menota). Innenfor dette fagområdet arbeides det også med utvikling av et prosjekt om Magnus Lagabøtes landslov, bl.a. i samarbeid med Juridisk fakultet. Forskergruppen LaMoRe har flere forskningsprosjekter innen språkmodellering med lokal, nasjonal og internasjonal finansiering, blant annet Iness, DASISH og infrastrukturprosjektet Clarino. Elektronisk litteratur har etablert et samarbeid med Bergen offentlige bibliotek i grenselandet mellom forskning og kunstnerisk utviklingsarbeid. Digital kultur har fått milder frå SIU til student- og forskerutveksling med Universitetet i Montreal. Sigrid Liens NFR-prosjekt «Negotiating History: Photography in Sámi Culture» er et samarbeid mellom fagfeltene kunsthistorie, museologi og sosialantropolgi. LLE er også deltaker i prosjektet LIA – "Linguistic Infrastructure made Accessible", ledet og initiert fra Universitetet i Oslo.

- *Tverrfaglig og flerfaglige initiativ og satsinger (pågående og planlagte):* Flere av instituttets pågående forskningsprosjekter har et tverrfaglig perspektiv, jf. ovenfor. Instituttet tok i 2014 i samråd med fakultets- og universitetsledelsen et initiativ for å lokalisere Språksamlingene og Norsk Ordbok til instituttet. Arbeidet med dette fortsetter i 2014.

- *Tiltak som kan styrke publiseringen, særlig på nivå 2:* Instituttet gir økonomisk støtte til publisering, og til oversettelse

- *Oppfølging av fagevalueringer*: Det ble ikke gjennomført fagevalueringer ved LLE i 2014.

---------------------------------------

**Forslag til vedtak:**

FFU stiller seg bak forslaget til forskingsmelding for 2014.

# SAK 3 Forskarutdanningsmelding 2014

LLE har frist til 1. mars med å sende forskarutdanningsmelding til fakultetet. Forskarutdanningsmeldinga skal formelt godkjennast av IR, men FFU har fått i oppgåve å leggja fram eit forslag til IR. Det er forventa at meldinga er på 1-2 sider og tek opp 7 sprørsmål/tema som fakultetet har bedt oss svara på.

Forslag til forskarutdanningsmelding for LLE for 2014:

**Forskarutdanningsmelding for LLE 2014**

**Oppfølging av prioriteringar omtalt i forskarutdanningsmeldinga for 2013 og planar og prioriteringar for 2015.**
I 2014 innførte instituttet ein samtale med ph.d.-kandidat og rettleiar om lag tre månader før ph.d.-perioden er slutt. Me har fått gode tilbakemeldingar på desse møta både frå kandidatar og rettleiarar og det sikrar betre oppfølging av ph.d.-kandidatane frå instituttet si side. Instituttet held fram med denne ordninga og innfører tilsvarande møte med nye ph.d.-kandidatar og rettleiarar. I dette møtet planlegg me å ta opp rettar og plikter for dei involverte i forskarutdanningsløpet, og håpar at dette vil kunne bidra til ein god start på kandidaten si forskarutdanning.

**Tilhøvet mellom forskarutdanning og forskingssatsingar ved fakultetet – skildring av situasjonen og planlagde tiltak.**

**Gjennomstrømming – skildring av situasjonen og planlagde tiltak for å betra gjennomstrømminga.**
Instituttet er nøgd med 11 gjennomførte disputasar i 2014 (rekorden er frå 2012 med 12 tildelte doktorgrader). Av 10 ph.d.-kandidatar med ordinær sluttdato i 2014 har 8 levert inn avhandlinga si (6 av dei leverte på normert tid). Instituttet vurderer gjennomstrømminga som relativt god for 2014. Me har framleis nokre kandidatar som ikkje har levert avhandlinga si etter at ordinær ph.d-periode er slutt, men det er vanskeleg for instituttet å setja inn tiltak då dei fleste kandidatane er i full jobb utanfor UiB. For framtida vert det viktig å prøva å sikra at ph.d.-kandidatane er nær innlevering når ph.d.-perioden går ut. Instituttet vurderer å utvida ordninga med midtvegsevaluering og håpar at dette vil kunna bidra til betre gjennomstrømming. Instituttet vil òg sjå til at alle ph.d.-kandidatar har to rettleiarar. Sjå elles tiltak vedr rettleiaropplæring og tiltak mot underkjenning.

**Underkjenning – skildring av situasjonen og planlagde tiltak for å halda talet nede (kor mange 1. gongs underkjenningar, kor mange 2. gongs underkjenningar).**
Ved LLE vart ei avhandling underkjent i 2014. For å førebyggja underkjenning vil instituttet vurdera å innføra eit tilbod om at ein fleire fagpersonar vurderer/kjem med innspel til avhandlinga ei stund før innlevering. Sjå elles punktet om rettleiaropplæring.

**Rettleiaropplæring – skildring av situasjonen og planlagde tiltak.**
LLE har ikkje noko formalisert rettleiaropplæring. Frå 2015 opprettar LLE «rettleiarforum» der rettleiarar kan samlast og ta opp problemstillingar knytt til rettleiing av ph.d.-kandidatar. Instituttet vil òg ha fokus på rettleiing i møte mellom instituttet (v/forskingsleiar og ph.d.-koordinator) og nye ph.d.-kandidatar og rettleiarane deira.

**Internasjonalisering – skildring av situasjonen og planlagde tiltak.**
To stipendiatar ved LLE fekk økonomisk støtte frå instituttet til lengre forskingsopphald i utlandet i 2014. Dei hadde eit opphald på om lag fire månader kvar ved Ohio University og University of Berkeley. To av stipendiatane våre har vore på ein månads opphald i Paris. Den eine gjesta Fransk-norsk studiesenter i Paris og den andre gjennomførte feltarbeid, begge med støtte frå *Le Programme*

*franco-norvégien*. Me ser ei auka interesse for utanlandsopphald og fire av stipendiatane våre planlegg lengre forskingsopphald i utlandet i 2015. Instituttet har ei god ordning der ph.d.-kandidatar kan søkja om støtte til utanlandsopphald, men det er eit vilkår at dei òg søkjer andre kjelder om støtte.
Instituttet har motteke to ph.d.-kandidatar som gjester i 2014. Den eine kjem frå College of Chinese Language and Literature, Wuhan University i Kina, og ho har stipend frå NFR for opphald ved LLE i eit år. Den andre gjesten kjem frå University of Washington og ho planlegg å gjesta LLE i 6-7 månader.

**Andre forhold av særlig betydning for fakultetets håndtering av forskerutdanningen som har endret seg, eller som man planlegger å endre i perioden.**
---------------------------

**Forslag til vedtak:**

FFU stiller seg bak forslaget til forskarutdanningsmelding for 2014.

# SAK 4 Forskargruppene og samlingane sine årsrapportar

Forskargruppene og samlingane ved LLE har skrive årsrapportar for 2014.

Vedlegg: Forskargruppene sine årsrapportar

Samlingane sine årsrapportar

**Forslag til vedtak:**

FFU tek forskargruppene og samlingane sine årsrapportar til orientering

# SAK 5 Rapport frå «Arbeidsgruppe for revisjon av forskarutdanninga»

Instituttleiarane Åse Johnsen (IF) og Johan Myking (LLE) sette i oktober 2014 ned ei arbeidsgruppe som vart bedt om å sjå nærare på forskarutdanninga ved dei to institutta. Arbeidsgruppa vart særskilt bedt om å vurdera drift og organisering av to forskarskular (Forskarskulen i språkvitskap og filologi og den nasjonale forskarskulen TBLR som begge institutta har ei felles tilknyting til) og eventuelt foreslå endringar eller omlegging med tanke på ei rekkje spørsmål som vedkjem ph.d.-kandidatane ved dei to institutta.

Vedlegg: Rapport frå «Arbeidsgruppe for revisjon av forskarutdanninga»

Forslag til vedtak vert formulert i møtet

# SAK 6 Underkjenning og artikkelserie i «På Høyden»

## Stipend – refusert avhandling

Kommentar basert på *På Høydens* artikler.

(Artiklene finnes samlet på denne nettsiden: http://pahoyden.no/underkjenning)

Det kan oppfattes som et problem når en avhandling refuseres. Ved instituttet har det siden 2010 vært refusert 3 avhandlinger. Siden 2010 er det 6 avhandlinger som ikke er levert selv om stipendperioden har gått ut. Siste år har det vært refusert en avhandling.

Ved to av de refuserte avhandlingene har veileder tatt på seg ansvaret og i ett tilfelle er det kandidaten selv som mener at ansvaret lå hos kandidaten selv.

Både institutt, fag, veileder og stipendiat tar en refusjon alvorlig. Det er både personlige, institusjonelle og økonomiske omkostninger ved refusjoner. Verst er de personlige omkostningene fordi det å bli refusert ofte oppleves som en personlig kritikk og at en ikke har rukket opp i det akademiske liv. Institusjonelt er det en utfordring fordi veilederens faglige standard kan bli trukket i tvil og til slutt selve institusjonen som kommer i et negativt lys.

I de fleste tilfeller kan en finne grunnen til at noe går galt. Det betyr at det også er mulig å gjøre noe med det. Så lenge ansvaret i hovedsak kan finnes utenfor kandidaten, er det mulig med en rekke tiltak for eksempel ny veileder, fellesveiledning osv. Dersom det er kandidatens egne holdninger som står i veien for en godkjenning, må det rett og slett en kandidatopplæring til.

**Holdning**

Det er lite hyggelig for et fagmiljø å få en kandidat refusert, men samtidig betyr en refusjon at bedømmingsmekanismen virker, og det må en også verdsette og se som en mulig faglig korreksjon. Det vil bety en oppstramming i veilederkorpset og en skjerping av veilederfunksjonen.

**Ikke fullført**

Ved vårt institutt er det et større problem at stipendiater ikke leverer etter endt stipendperiode. For tiden (fra 2004) er det registrert i alt 13 (11) avsluttede stipend hvor avhandling ikke er levert. Det må tas et lite forbehold her ettersom noen stipend gikk ut i 2014 og kan være klar for levering ”like rundt hjørnet”. Men uansett hvordan en prøver å se individet og dets kontekst og beveggrunner for ikke å levere, er det et for høyt tall.

Ved utgangen av 2014 er alle aktuelle kandidater kontaktet og nesten alle som er kontaktet har nå gjennomført den obligatoriske opplæringsdelen. Det er i hovedsak avhandlingen som mangler.

**Hva kan gjøres**

Mulige tiltak for å øke gjennomføringen av phd utdanningen:

- Det bør kanskje være en ytterligere skjerpelse på både på allmenne opptakskriterier og personlig egnethet som grunnlag for å bli tildelt stipend.
- Det bør innføres et ”første møte” mellom stipendiat, veileder og forskerleder med forskerkonsulent. Her kan en gå igjennom plikter, ansvar og rettigheter.
- Det bør klargjøres om det et best med en artikkel-basert avhandling eller en monografi.
- Midtveisevalueringen bør utvides til for eksempel en forelesning over status i prosjektet som evalueres av en komite som gir bestått eller ikke-bestått, hvor ikke-bestått eventuelt betyr avslutning av prosjektet.
- 3-måneders orienteringen bør suppleres med en forhåndsdisputas der avhandlingen blir evaluert.
- Det blir innført obligatorisk veilederopplæring og obligatorisk fremmøte i et ”veilederforum” en gang i året hvor veilederspørsmål blir tatt opp.
- Bi-veileder brukes mer spesifikt som ”klang-bakgrunn” for avhandlingen.

Vedtak formuleres i møtet

# SAK 7 Høyring – opplæring av rettleiarar innan forskarutdanninga

Som ledd i det strategiske arbeidet for å styrke forskarutdanninga ved UiB, ønskjer Forskingsadministrativ avdeling å kartlegge alle tiltak knytt til opplæring av rettleiarar på dette feltet (ePhorte 15/230). Det humanistiske fakultet ber i samband med dette om at avdelingane melder inn all aktivitet på området, både av formell og uformell art. Fakultetet stiller ei rekkje spørsmål om rettleiaropplæring og institutta sin svarfrist er sett til 4. mars 2015. (Brev frå fakultetet følgjer med som vedlegg til saka).

I fagene ved LLE har det vært tradisjon med individuell veiledning utført av den enkelte ansatte. Det har også vært normalt at det har vært den enkeltes privilegium å veilede i områder der veilederen er spesialist. En kan gjerne si at i stedet for en pedagogisk vinkling til veiledningen, har det vært en ensidig faglig tilnærming.

I lys av at veiledningen skal effektiviseres blir det mindre tid fordyping for stipendiatene med det resultat at veiledningen i større grad må være pedagogisk for å oppnå gode resultater.

Fordi studieopplegg og gjennomstrømning i større grad er fokusert, er det rimelig at veilederne blir oppdatert i veilederrollen. Det betyr at vi vil anbefale at det blir etablert kurs for veiledere og at det bør organiseres ”veilederforum” ved instituttet. Det er rimelig at det blir etablert to fora ut fra fagenes innretning. En i Språkvitskap og filologi og en i estetiske fag inklusive litteratur.

Vedlegg: Brev frå fakultetet datert 13.01.2015

Forslag til vedtak vert formulert i møtet.

# Rapport frå «Arbeidsgruppe for revisjon av forskarutdanninga»

Instituttleiarane Åse Johnsen (IF) og Johan Myking (LLE) sette i oktober 2014 ned ei arbeidsgruppe som vart bedt om å sjå nærare på forskarutdanninga ved dei to institutta. Arbeidsgruppa vart særskilt bedt om å vurdera drift og organisering av to forskarskular (Forskarskulen i språkvitskap og filologi og den nasjonale forskarskulen TBLR som begge institutta har ei felles tilknyting til) og eventuelt foreslå endringar eller omlegging med tanke på ei rekkje spørsmål som vedkjem ph.d.-kandidatane ved dei to institutta. (For fullstendig mandat sjå notat frå instituttleiarane datert 1. oktober 2014).

Arbeidsgruppa har vore sett saman av:
Sissel Lægreid (forskingskoordinator IF)
Tor Trolie (forskingskoordinator LLE)
Randi Koppen (påtroppande forskingskoordinator IF)
Victoria Rosén (leiar, Forskarskulen i språkvitskap og filologi)
Guro Sandnes (stipendiatane)
Anne Berit Apold (administrative ph.d.-koordinator LLE, skrivar)

Trolie og Lægreid har leia arbeidsgruppa. Gruppa har hatt tre møter. Arbeidsgruppa har sett det som viktig å få oversikt over ph.d.-kandidatane ved dei to institutta, både kor mange dei er og korleis dei fordeler seg mellom språk og litteratur/kultur. Me har òg sett det som viktig å kartleggja kva tilbod institutta har for ph.d.-kandidatane utover tilbodet om rettleiing. Seinhausten 2014 gjennomførte STIP-HF ei spørjeundersøking om ph.d.-kandidatane ved HF sitt tilhøve til forskarskular og forskargrupper. Guro Sandnes har hatt tilgang til det innsamla datamaterialet og data for ph.d.-kandidatane ved IF og LLE vert presentert i denne rapporten. Arbeidsgruppa har ikkje vorte samde i alle vurderingar og tilrådingar, så me leverer ein rapport med ei tilråding frå fleirtalet i arbeidsgruppa og ein særuttalelse frå Tor Trolie.

Rapporten er bygd opp slik:

1. Oversikt over ph.d.-kandidatar ved IF og LLE
2. Kva tilbod finst for ph.d.-kandidatane ved dei to institutta?
    - Forskarskulen i språkvitskap og filologi
    - TBLR
    - HRR
    - Fredagsforum ved IF
    - Andre aktivitetar
3. STIP-HF – Undersøking om ph.d.-kandidatane sitt tilhøve til forskargrupper og forskarskular
4. Diskusjon/vurderingar
5. Tilrådingar frå fleirtalet i arbeidsgruppa
6. Særruttalelse frå Tor Trolie

## 1. Ph.d.-kandidatar ved IF og LLE

Ved utgangen av 2014 er det registrert 36 ph.d.-kandidatar ved IF og 42 ph.d.-kandidatar ved LLE. Totalt er det 78 ph.d.-kandidatar ved dei to institutta. Tala inkluderer alle registrerte ph.d.-kandidatar ved dei to institutta uavhengig av tilsetting/finansiering og om ordinær stipendperiode er over. (Dei som har levert avhandling er ikkje tatt med).

**Ph.d.-kandidatar ved LLE fordelt etter fagområde**

| Fagområde | Antal ph.d.-kandidatar |
|---|---|
| Digital kultur | 3 |
| Teatervitskap | 1 |
| Kunsthistorie | 5 |
| Klassisk | 3 |
| Allmenn litteraturvitskap | 9 |
| Nordisk litteratur | 3 |
| Nordisk språk | 3 |
| Lingvistikk | 2 |
| Datalingvistikk | 2 |
| Norrøn filologi | 2 |
| Norsk som andrespråk | 7 |
| Nordisk fagdidaktikk | 2 |

For fullstendig oversikt over ph.d.-kandidatar ved LLE sjå vedlegg 1.

**Ph.d.-kandidatar ved IF fordelt etter fagområde**

| Fagområde | Antal ph.d.-kandidatar |
|---|---|
| Engelsk litteratur | 8 |
| Tysk litteratur | 4 |
| Italiensk litteratur | 1 |
| Spansk kulturkunnskap | 2 |
| Spansk språk og latinamerikastudier | 7 |
| Arabisk språk/kultur | 1 |
| Fransk språk og fagdidaktikk | 4 |
| Russisk språk | 1 |
| Engelsk språk | 4 |
| Engelsk fagdidaktikk | 2 |
| Italiensk språk | 1 |
| Spansk fagdidaktikk | 1 |

For fullstendig oversikt over ph.d.-kandidatar ved IF sjå vedlegg 2.

Om ein tenkjer at det gjev meining å dela ph.d.-kandidatane inn i kategoriane «språk» og «kultur/litteratur» vert det interessant å sjå kor mange av ph.d.-kandidatane ved IF og LLE som fell i

dei ulike kategoriane. Dei fleste fagområda let seg plassera i ein av kategoriane, medan det for nokre fagområde, som t.d. Spansk språk og latinamerika studier, fagdidaktikk, norrøn filologi og klassisk, vil vera kandidatane sine prosjekt som avgjer kva kategori dei høyrer heima i. Det bør òg presiserast at denne fordelinga (mellom språk og litteratur/kultur) vil variere noko over tid. Ved IF har praksis vore å lyse ut dei fleste stipenda ope. Berre eit fåtal er øyremerka disiplin/fagfelt. Bakgrunnen for dette er at ein ønskjer å gje stipend til dei beste kandidatane.

**Ph.d.-kandidatar ved IF og LLE fordelt i kategoriane «språk» og «litteratur/kultur»**

| Institutt | Språk | Kultur/litteratur |
|---|---|---|
| **LLE** | 13 | 20 |
| **IF** | 19 | 17 |

## 2. Kva tilbod finst for ph.d.-kandidatane ved dei to institutta?

Om ein ser til UiB sin «Handlingsplan for forskarutdanning» for perioden 2008-2015 vert ph.d.-kandidatane si tilknyting til forskingsmiljøet trekt fram som ein av fleire viktig faktorar for å auka gjennomstrømming og kvalitet i forskarutdanninga ved UiB. Eit konkret tiltak for å nå måla i planen er mellom anna å «Tilby tilknytning til forskningsgruppe og/eller forskerskole til alle som søker opptak til ph.d.-studiet, uavhengig av finansieringsgrunnlag» (side 9 i handlingsplanen). Her får institutta og fagmiljøet ei viktig rolle som støttefunksjon i forskarutdanninga i tillegg til dei oppnemnde rettleiarane. Ved HF er det òg slik at det er institutta (ved FFU/forskingsleiar) som har ansvar for den kandidatspesifikke delen av ph.d.-kandidatane sin opplæringsdel. Opplæringsdelen for ph.d-kandidatane ved HF er sett saman av vitskapsteori (10 SP), overførbare ferdigheiter (5 SP) og kandidatspesifikke studiepoeng (15 SP). Å ha ansvar for den kandidatspesifikke opplæringsdelen inneber oppfølging av det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket, utvikling og organisering av lokale emne og godkjenning av innhald i dei kandidatspesifikke studiepoenga. Institutta har såleis eit stort ansvar som i dag vert noko ulikt ivareteke innanfor disiplinane ved institutta.

Kva tilbod har ein så for ph.d.-kandidatane ved IF og LLE? Her har me vald å presentera aktiviteten i dei to forskarskulane som er knytt til institutta, samt forskargruppa HRR som har fått økonomisk støtte frå LLE for å skipa til seminar/kurs for ph.d.-kandidatar ved LLE. Det vert òg gjeve ein kort presentasjon av "Fredagsforum" ved IF. I kva grad dei ulike forskargruppene inkluderer/tek vare på ph.d.-kandidatar innan sitt fagmiljø har me ikkje fullstendig oversikt over, men inntrykket er at dette skjer i liten grad.

### Forskarskulen i språkvitskap og filologi

Forskarskulen i språkvitskap og filologi ved UiB har eksistert i meir enn ti år. Han starta opp i oktober 2004 og vart driven av fakultetet fram til slutten av 2011. Frå 2012 er forskarskulen vorte driven i eit samarbeid mellom IF og LLE. Målet for forskarskulen er å auka kvaliteten på ph.d.-kandidatane sitt kurstilbod, å tilby eit akademisk og sosialt fellesskap for ph.d.-kandidatane og å auka graden av gjennomstrømming.

Forskarskulen har ein leiar og ein koordinator. Leiaren har det overordna faglege ansvaret for forskarskulen, medan koordinatoren tek seg av dei praktiske sidene av drifta. Begge to deltek på dei ulike aktivitetane som forskarskulen har. IF og LLE har bytt på å leia/administrera forskarskulen. Victoria Rosén ved LLE har vore leiar for forskarskulen sidan januar 2011.

Forskarskulen skipar til kurs av ulike slag, slik som kurs i lingvistisk teori og metode, kurs/workshops i overførbare ferdigheiter og kurs innanfor spesialdisiplinar. Døme frå de siste åra er sosiolingvistikk, statistikk for lingvistar, språkvitskapleg skriving med programma R og LaTeX og bruk av akademisk engelsk innanfor språkvitskap. Kursa får gjennomgåande veldig positive evalueringar. Sjå vedlegg 3 for oversikt over kurs som forskarskulen har skipa til.

Forskarskulen samlar ph.d.-kandidatane jamleg til lunsjmøter (annankvar veke). Nokre gonger i semesteret er det prosjektpresentasjon eller avhandlingsseminar i samband med lunsjen. Andre gonger fungerer lunsjen berre som ei fagleg-sosial samling for ph.d.-kandidatane. Prosjektpresentasjonar vert halde av nye medlemmer av forskarskulen, vanlegvis i fyrste semester av ph.d.-perioden. Ein prosjektpresentasjon er ei enkel munnleg orientering om ph.d.-prosjektet. Eit avhandlingsseminar tek opp eit utkast til ein artikkel eller (ein del av) eit kapittel som inngår i avhandlinga. Manuskriptet vert levert inn eit par veker før avhandlingsseminaret. Ein av stipendiatane vert utpeikt til å kommentera manuskriptet. Leiar, koordinator og dei andre deltakarane bidreg også i diskusjonen. Etter ph.d.-kandidatane sitt ønskje er ikkje rettleiarane deira med på avhandlingsseminara. Dette er med på å gjera det til eit lågterskeltilbod som dei aller fleste tykkjer er nyttig i avhandlingsarbeidet.

Forskarskulen skipar òg til meisterklassar. Dette er et tilbod til kandidatar som er i det siste året av ph.d.-perioden. Forskarskulen inviterer ein fagperson som har særskilt ekspertise i kandidaten sitt fagområde for å fungera som "meister". Kandidaten leverer eit manuskript på ca. 25–40 sider seinast fire veker før meisterklassen. På sjølve meisterklassen presenterer kandidaten dette arbeidet for publikum, og deretter bidreg meisteren med spørsmål og kommentarar. Etter kvart slepp dei andre deltakarane til i diskusjonen. Meisterklassen inneheld som regel òg ein gjesteforelesing av meisteren, gjerne om eit tema i samband med kandidaten si forsking. Meisterklassen gjev kandidaten høve til å drøfta arbeidet sitt i ein situasjon som liknar på ein disputas, og dei fleste som har vore gjennom ein meisterklasse tykkjer at det er ein fin førebuing for disputassituasjonen.

Diskusjonane som vert halde i samband med prosjektpresentasjonar, avhandlingsseminar og meisterklassar bidrar til å gje kandidatane ein større breiddekompetanse innanfor språkvitskap, ei breidde som kompletterer spisskompetansen innanfor den eigne forskinga.

Forskarskulen er òg aktiv på nasjonalt nivå. Frå 2006 til 2012 var forskarskulen involvert i Den nasjonale forskarskulen i språkvitskap og filologi. Dei andre institusjonane som var med i dette samarbeidet var Universitetet i Agder, Universitetet i Tromsø, NHH, NTNU og (frå 2010) Universitetet i Oslo. Hovudaktiviteten til den nasjonale forskarskulen var å søkja midlar frå NFR (såkalla NFU-H-midlar) for å arrangera forskarkurs. Den nasjonale forskarskulen fekk gjennomgåande gode løyvingar frå NFR til å halda nasjonale kurs. I 2012 vart det sendt ein søknad til NFR om langtidsfinansiering av ein nasjonal forskarskule leia av NTNU, og søknaden vart støtta med ca. 23 mill. kroner over åtte år (2013-2020). Dermed vart den gamle nasjonale forskarskulen lagt ned og erstatta av ein ny; namnet på den nye er Norwegian Graduate Researcher School in Linguistics and Philology (LingPhil). Victoria Rosén er UiB sin representant i styringsgruppa for LingPhil.

LingPhil har eit rikeleg budsjett og kan såleis tilby ein endå større kursportefølje enn det som har vore mogleg tidlegare. UiB sin lokale forskarskule kan no søkja LingPhil om finansiering av både kurs og meisterklassar. Dette har ført til at lite av det lokale driftsbudsjettet har vore brukt sidan januar 2013, men dei mindre synlege kostnadene ved UiB bør ein ikkje oversjå. LLE og IF har nemleg i ein samarbeidsavtale forplika seg til å arrangera kurs for den nasjonale forskarskulen. Kursa som vert halde i Bergen blir dermed nasjonale kurs (opne for kandidatar frå heile landet), ikkje lokale kurs slik som tidlegare. Vår lokale forskarskule er framleis ansvarleg for organisering og gjennomføring av alle kurs, sjølv om kostnadene for reise og opphald, honorar til utanlandske lærarar osv. no vert dekka av LingPhil.

LingPhil arrangerar kvart år ein sommarskule som varar ei veke og har eit breitt kursutval. Tema i 2014 var: sosiolingvistikk, statistikk, morfologi, syntaks og språktileigning. Sjå vedlegg 3 for oversikt over nasjonale kurs. Arbeidet med å skipa til sommarskulane vert delt mellom medlemsinstitusjonane; Rosén har hatt eit stort ansvar også her, særskilt i samband med sommarskulane i 2012 og 2013.

*Rekruttering/Informasjon:* Leiar av forskarskulen tek direkte kontakt med nye ph.d.-kandidatar for å informera om forskarskulen. Forskarskulen har eiga nettside med informasjon. Informasjon vert sendt direkte til medlemmene av forskarskulen på eiga epost-liste.

*Ressursar*: Leiar (160 timar), koordinator (20% stilling). Driftsbudsjett på kr 150.000 i 2013, men berre 61.000 vart brukt i 2013. Vil som nemnt kunna søkja om midlar frå den nasjonale forskarskulen LingPhil.

## Tekst, bilde, lyd, rom (TBLR)

TBLR er ein nasjonal nettverksforskarskule i estetiske fag med UiB, NTNU, UiA og UiT som partnarar. Forskarskulen har som mål å fungera både tverrestetisk og disiplinbasert, og gjev kurs i emne innanfor litteratur, kunsthistorie, teater og visuell kultur. Skulen har også gjeve kurs i historiske og kulturorienterte emne (t.d. ”memory studies”, ”trauma studies”, ”politics and aesthetics”, ”history/the past”), og dekkjer såleis dei fleste estetiske og kulturorienterte disiplinane/forskingsfelta som er aktuelle ved IF og LLE. Lars Sætre og Sissel Lægreid representerer UiB i styret for TBLR.

*Aktivitetar*: TBLR skipar til Nasjonale forskarutdanningskurs. I perioden 2011-2014 har TBLR gjennomført 4 nasjonale forskarutdanningskurs (eit kurs pr. år). Dei fleste av kursa gjev 5 SP for kvar deltakar (2 SP for deltaking utan innlegg). Dei fire ph.d.-kursa har til saman hatt 19 deltakarar frå LLE og 9 deltakarar frå IF. Sjå vedlegg 4 for å få ein fullstendig oversikt over kurs som er skipa til av TBLR.

*Ressursar:* IF og LLE bidreg med kr. 35.000,- kvar årleg.

Lokal TBLR ved fakultetet vart lagt ned i 2012. I åra 2011 og 2012 gjennomførte TBLR tre lokale ph.d.-kurs med deltakarar frå IF og LLE. Kursa gav 5 SP (2 SP for deltaking utan innlegg). Til saman deltok 14 ph.d.-kandidatar frå LLE og 9 ph.d.-kandidatar frå IF på dei tre kursa.

### Historie, retorikk og resepsjon (HRR) ved LLE

Forskargruppa HRR v/Erik Bjerck Hagen samlar forskarar og stipendiatar frå allmenn litteraturvitskap og nordisk litteraturvitskap, og er eit diskusjonsforum der medlemmene legg fram innlegg eller «works in progress». Forskargruppa har etter avtale med instituttet laga til seminarrekkje som har fungert som poenggjevande kurs i opplæringsdelen for ph.d.-kandidatar innanfor nordisk litteratur og allmenn litteraturvitskap. I 2014 følgde 4 stipendiatar ved LLE denne seminarrekkja og dei fekk alle 5 SP for aktiv deltaking. HRR fekk kr. 20.000,- i økonomisk støtte frå instituttet i 2014 til denne aktiviteten.

### "Fredagsforum" ved IF

Ved IF har forskingsleiaren i samarbeid med professor II Jakob Lothe hatt ansvar for å organisera eit sosialt og fagleg møtepunkt for kandidatane i litteratur og kultur. Dette har vore gjort gjennom lunsjmøter og avhandlingsseminar arrangert nokre gonger i semesteret.

### Andre aktivitetar

I 2014 fekk Siri Lexau (kunsthistorie) støtte frå Nasjonalt forskarutdanningsutval for humanistiske fag til det nasjonale forskarutdanningskurset *"The Statement of the Object: Aesthetics, Theory, Context"* som vart skipa til ved Centre Franco-Norvégien en Sciences Sociales et Humaines (CFN) i Paris i samarbeid med NTNU. Fire ph.d.-kandidatar frå LLE var med på kurset som gav 5 SP.

Det kan elles nemnast at Daniel Apollon (digital kultur) i mange år har skipa til sommarskule/ph.d.-kurs i samarbeid med fleire andre europeiske universitet. Fleire av ph.d.-kandidatane ved Digital kultur har delteke på desse kursa. Det har variert kor omfattande kursa har vore, men det siste kurset frå sommaren 2014 gav 4 SP for kvar deltakar.

Forskargruppa «Strategiar for språkkompetanse» er felles for IF og LLE og gruppa har fokus på språk-, tekst- og kulturkompetanse sett i eit læringsperspektiv. Forskingsgruppa samlar språkdidaktikarar og andre vitskapleg tilsette hovudsaklig frå UiB. Ph.d.-kandidatar frå begge institutta deltek i forskargruppa.

## 3. STIP-HF – Undersøkjing om ph.d.-kandidatane sitt tilhøve til forskargrupper og forskarskular

Stipendiatutvalet ved HF (STIP-HF) gjennomførte seinhausten 2014 ei spørjeundersøking angåande stipendiatane sine forhold til forskargrupper og forskarskular. Som nemnt innleiingsvis har Guro Sandnes hatt direkte tilgang til det innsamla datamaterialet. Spørjeundersøkinga blei sendt ut til alle stipendiatane ved HF (om lag 190 personar). 56 personar svarte, altså var svarprosenten på om lag 29,5 %. Svara var fordelte nokså jamt mellom IF (14), LLE (14) og AHKR (18). I tillegg var det til saman 10 svar frå andre institutt og senter: 5 frå Griegakademiet, og 5 frå FOF/SKOK/SVT.

På spørsmål om forskargruppe- og forskarskuletilbodet passar behovet til stipendiatane, svara 9 frå IF ja og 5 nei. På LLE svara 13 ja og 1 nei. 10 frå IF svara at dei er medlemer av ei forskargruppe eller ein forskarskule, og 4 svara nei. På same spørsmålet svara alle stipendiatane frå LLE ja (14), og frå AHKR svara 9 ja og 9 svara nei.

Av dei spurde, var dei stipendiatane som svarte at dei er tilknytte forskarskulen i lingvistikk og filologi (7 frå IF og 7 frå LLE), jamt over svært fornøgde med skulen. Blant aktivitetane som verkar å vere sett pris på, var følgjande nemnd: meisterklassar, faglege presentasjonar og diskusjonar rundt dei einskilde sine prosjekt, nettverksbygging med andre norske universitet, uformelle lunsjmøter, det sosiale fellesskapet, og at det blir halde kurs som er tilpassa stipendiatane sine behov.

